

Vedtekter for FAU ved Naustdal skule
Oppdatert 28.09.2022

§ 1 - Foreldrerådet og Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Alle foreldre som har born ved Naustdal skule er automatisk medlem av foreldrerådet ved Naustdal skule. Foreldrerådet er formelt representert ved Foreldrerådets Arbeidsutval (FAU). FAU skal ha som hovedoppgåve å fremje interessene til foreldre av born ved Naustdal skule samt å være bindeledd mellom foreldra og skulen. FAU skal også jobbe for ein trygg skuleveg og skulekvardag samt å bidra til å styrke læringsmiljøet for elevane ved Naustdal skule. FAU har informasjonsplikt ovanfor alle foreldre på skulen. Denne informasjonsplikta vil normalt bli overholdt ved utsending/publisering av referat frå FAU-møta. FAU-dokument er offentlege dokument, og skulen er forplikta til å arkivere utsendte FAU-dokument.

§ 2 - Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) og val av foreldrekontaktear:

Foreldrerådet veljer to foreldrekontaktear og to vara-representantar som blir klassen sine representantar i FAU. Ved Naustdal skule veljast FAU-representantene ved eit foreldremøte på våren, slik at nye foreldrekontaktear er klare til det første FAU-møtet på hausten. Rektor syter for at 1. klasse får valt sine foreldrekontaktear, og kallar inn til dette foreldremøte. I forkant av valet (men under det aktuelle foreldremøte) skal eksisterande foreldrekontaktear informere om rolla som foreldrekontaktear. I det første FAU-møtet for hausten skal rektor og tidlegare FAU-leiar sørger for opplæring av nye tillitsvalde.

Foreldrekontaktear skal veljast for to år, og det ideelt at det blir overlappande tidsperiodar slik at det alltid er ei foreldrekontakt som har eitt års erfaring i FAU. Dersom det er ynskjeleg for klassen og for den aktuelle klassekontakten, er det hove til å velje ei foreldrekontaktear til ein ny 2 års periode.

Kasselærar-team/kontaktlærarane, i samarbeid med foreldrekontakteane, har ansvar for å kalle inn til foreldremøte på våren, og alle foreldrekontakteane må vere valt på siste foreldremøte på våren. Kontaktlærarane melder inn til rektor om kven som har blitt valt i deira klasse.

§ 3 - Konstituering av FAU

Rektor kallar inn til fyrste FAU-møte på hausten (innan utgangen av august). Rektor skal være leiar for det første FAU-møtet, medan FAU-leiar skal være leiar for dei resterande møta.

FAU konstituerar seg ved at FAU-representantene veljer leiar, nestleiar og tre styremedlem. FAU veljer to representanter med personlege vara-representanter til henholdsvis samarbeidsutvalet (SU) og skolemiljøutvalet (SMU). Leiar for FAU skal representer FAU i SU og vil fungere som leiar av SU. Med mindre det er spesielle ynskjer i FAU skal nestleiar representer FAU i SMU.

Leiar og nestleiar av FAU går også automatisk inn i Sunnfjord Kommunale Foreldreutval (Sunnfjord KFU). Dette foreldreutvalet er samansatt av FAU frå alle grunnskulane i Sunnfjord og har sine eigne vedtekter.

§ 4 - Val av FAU-styre

FAU-styret vert valt for eitt år av gangen. FAU styret består av leiar, nestleiar og tre styremedlemmer. Det er ynskjeleg at leiar/nestleiar skal vere ein representant frå barnesteget og ein frå ungdomssteget. Styret sin totale samansetning skal ideelt vere jamt fordelt mellom stega, med tre frå barnesteget og to frå ungdomssteget, eller omvendt.

Det er mogeleg med attval til FAU-styre. Attval kan vere ynskjeleg med omsyn til kontinuitet i styret sitt arbeid.

§ 5 - FAU-komitear

FAU-medlemma kan delast inn i komitear som arbeider spesielt med definerte oppgåver eller prosjekt etter behov og ønskje frå FAU, Foreldrerådet, rektor eller Kommunedirektør.

§ 6 - FAU-møter

Det skal gjennomførast minst fire FAU-møter pr skuleår, to per halvår. Rektor kallar inn til fyrste møte på hausten. Deretter førebur og kallar FAU-styret inn til minst tre FAU-møter. Dersom styret ser behov, eller tre FAU-medlem krev det, kallar styret inn til ekstraordinære FAU-møter.

Innkalling til FAU-møte skal sendes pr. e-post til alle foreldrekontaktane. Innkalling sendast ut i god tid, ca. 14 dagar før møtet. Ved forfall til FAU-møte, kontaktar FAU-representanten sin personlege vara og formidlar vidare innkalling og eventuelle saksdokument.

Referat frå FAU-møte vert lagt på Naustdal skule si heimeside under *medverknad Naustdal skule* dette er FAU-leiar i samarbeid med skulen sitt ansvar. Foreldrekontakte vidareformidlar referat til vararepresentatnar. Ved aktuelle/viktige saker/informasjon kan ein formidle via epost/ranselpost eller på neste foreldremøte.

§ 7 - Økonomi

Utgifter til administrasjon av FAU vert dekka av skulen.

Dersom det kjem inn midlar i regi av FAU eller foreldrerådet, har FAU disposisjonsrett. Midlane skal brukast til føremål som kjem elevane direkte til gode. Rekneskap blir lagt ved årsmelding, og skal vere revidert av to foreldre som ikkje er FAU-medlemmer.

§ 8 - Årsmelding

Det skal skrivast ei årsmelding frå arbeidet i FAU. Årsmeldinga vert sendt til godkjenninga av FAU enten ved at det vert helde FAU møte før skuleslutt eller via e-post-korrespondanse. Årsmeldinga (med ev rekneskap) skal vere godkjend innan utgangen av august og sendast rektor og leggast fram på fyrste FAU-møte ved nytt skuleår. Årsmeldinga vert lagt tilgjengeleg for alle foreldre i Visma.

§ 9 - Teiplikt

Tieplikt etter forvaltningslova gjeld for foreldrekontakte og medlemmer av skulen sine rådsorgan (opplæringslova §15-1).

§ 10 - Endring av vedtekten

Vedtekten skal gjennomgåast av FAU-styret på det første møtet for skuleåret.

Framlegg til endringar i vedtekten må sendast skriftleg til FAU-styret. Framlegg til endringar blir tatt opp på FAU-møte, og krev 2/3 fleirtal av røystene for å bli vedtatt. Blanke røyster skal takast med i oppteljinga. FAU-møtet kan gjere endring av vedtekten dersom minst halvparten av representantane er til stades.

Vedteke av FAU ved Naustdal skule 28.09.22